

NGIR-nytt

Informasjon til hushald

FERIETID!

Endeleg ferietid, og tid for å nyta sol og etterlengta varme. Mange av oss dreg på ferie på denne tida, og det er mykje ein skal hugsa på. Plantar skal vatnast, og posten må hentast inn. Eit tips for å unngå fulle postkassar i ferien er å seia nei takk til uadressert reklame. Då kan du truleg vera borte heile ferien utan å få full postkasse.

Bossdunkar som står ute til ei kvar tid kan gjera det utriveleg i eit nabolag. Få ein nabo til å henta dunken din dersom du må setja han ut før du dreg på ferie. Skriv gjerne husnummer på dunken, så er det lett for deg sjølv og andre å finna fram til rett dunk.

Sommar er også tid for hagearbeid. Hageavfallet kan verta ei plage, og det kan vera freistande å kjøra vekk lauv og kvist. Men er det smart å kvitta seg med hagen sine egne ressursar, for etterpå å fylla på med jord og gjødning frå hagesenter? På www.gronnhverdag.no kan du lesa meir om kor enkelt det er å kompostera hageavfallet heime.

Framfor alt; nyt dei flotte sommardagane som står for døra. Lagre minna av berrføtte bein i doggfriskt gras, lysare tider, og dufta av ein bukett med nyplukka markblomar i alle regnbogens fargar. Då kan du gå vinteren i møte godt rusta.





REGLAR FOR GJENVINNINGSTASJONANE

EKSTRATØMMING AV HYTTEKONTEINARAR

Alle hyttekonteinarar vert normalt tømt ein gong per veke i sommarhalvåret. Dette er nok i dei fleste tilfella. I nokre område med mange hytter, vil me likevel tømme hyttekonteinarane ekstra i skuleferien, slik at desse vert tømt to gonger per veke. NB: Hyttekonteinarane er berre meint for avfall frå hyttekundar!

KOMPOSTJORD

I sommarhalvåret kan du kjøpa kompostjord hjå NGIR i Kjevikdalen. Jorda er blanda med 50 % fin sand, og eignar seg best til plen. Kompost kan også nyttast i blomsterbed dersom du blandar ut jorda med blomsterjord. Prisar finn du på www.ngir.no.

Avfall frå hushald eller hytter i NGIR-kommunane kan du levera på gjenvinningsstasjonane. NGIR tek ikkje betaling på stasjonane. Gjenvinningsstasjonane er finansierte via renovasjonsgebyret som hushalds- og hytteabonmentane betalar, og næringsavfall kan difor ikkje leverast der.

Næringsavfall må leverast over vekt i Kjevikdalen

Tilsette på stasjonen har full rett til å visa bort personar ved mistanke om levering av næringsavfall.

Born skal sitja i bilen

Til tider er det mykje trafikk på gjenvinningsstasjonane. Det kan vera vanskeleg å oppdaga born mellom bilar og tilhengjarar. La borna sitja i bilen!

Vis køkultur og følg vanlege trafikkreglar

Vanlege trafikkreglar gjeld på stasjonen. NGIR er ikkje ansvarleg for skadar som oppstår på kjørety eller personar, dersom skadane ikkje skuldast NGIR-tilsette.

Roting i konteinarar er ikkje tillete

Publikum kan ikkje ta med seg ting frå stasjonen. Roting i konteinarar fører til meirarbeid for NGIR.

Det er ikkje lov å omsetja avfall på stasjonen

Vis ordenssans

Me ynskjer at det skal vera triveleg for både publikum og tilsette på våre gjenvinningsstasjonar. Me set difor stor pris på at du ryddar etter deg. Spør personalet etter kost og spade.

TRE VANN 10 000 I RETURKARTONGLOTTERIET

I fjor vann tre av NGIR sine abonnentar 10 000 kroner kvar, etter at dei hadde skylt, bretta og stappa 6 kartongar i den sjuande. I år kan det verta din tur, og kan henda får vår region også ein storvinnar som stikk av med heile 100 000 kroner for sitt bidrag til ein grønar kvardag? Hugs å skylja og la kartongane tørka, før du bretta kubbar som du skriv namn og telefonnummer på. Legg kubbane rett i papirdunken.

På våre nye nettsider finn du enkelt fram til det du lurar på.



LEVERING AV BILVRAK

Bilvrak kan berre leverast i opningstidene til resepsjonen i Kjevikdalen. Bilane må ryddast for alt boss før levering. Sjå reglane for levering av bilvrak på våre nettsider; www.ngir.no (eller nytt QR-koden over for å koma til våre nettsider).

TIPS FRÅ SJÅFØRANE

- Set bossdunkane med handtaket ut mot vegen.
- Set biodunkane skilt frå dei andre dunkane. (Set dunkane slik dei står etter tømning.)
- Ikkje knyt plastsekken fast til dunken. Knyt heller igjen plastsekken, og plasser den oppå eller mellom dunkane.
- Reingjer biodunken med jamne mellomrom.
- Set dunkane ut før kl 07.00 på hentedagen.
- Ha oske, sagnarusk og støvsugarposar i lukka posar før du kastar dei i restavfallsdunken.

FUKT BIOPOSANE – DÅ HELD DEI LENGER

Enkelte opplever at bioposane lett går sund når ein skal knyta dei att eller setja dei i biobøtta. Når bioposane ligg lagra ei stund tørkar dei ut, og kvaliteten blir forringa. For å unngå at posane raknar, kan du fukta dei litt før bruk, då vert dei meir elastiske.



GOD SOMMAR!

OPNINGSTIDER NGIR

GJENVINNINGSTASJONAR

LINDÅS	Kjevikdalen NGIR Tlf: 56 34 33 10	Måndag og torsdag: Tysdag og onsdag: Fredag: Laurdag:	08:00 – 19:00 08:00 – 15:30 Stengd 09:00 – 15:00
AUSTRHEIM	Litlås Litlås Industriområde	Onsdag: Laurdag:	13:00 – 19:00 09:00 – 15:00
RADØY	Manger Solendmyra	Tysdag: Laurdag:	13:00 – 19:00 09:00 – 15:00

ANDRE TENESTER I KJEVIKDALEN

RESEPSJON	Måndag – onsdag og fredag: Torsdag: Laurdag:	08:00 – 15:30 08:00 – 18:00 Stengd
BILVRAK	Måndag – onsdag og fredag: Torsdag: NB! NGIR tek ikkje imot bilvrak på laurdagar	08:00 – 15:30 08:00 – 18:00
SAND, GRUS, STEIN OG PUKK	Måndag – onsdag: Torsdag: Fredag: Laurdag:	08:00 – 15:00 08:00 – 17:30 08:00 – 14:30 Stengd
KOMPOST	Måndag – onsdag: Torsdag: Fredag: Laurdag:	08:00 – 15:00 08:00 – 17:30 08:00 – 14:30 Stengd